

Møtedeltakrane

**Dykkar ref.**

**Dato**  
02.03.2018

## Referat frå møte arbeidsgruppe oppvekst - Nye Sogndal kommune

Møtenummer: 2/18	Møtedato: 27.02.18
Deltakarar: Jorunn Nyttingnes Kari Rønnestad Steinar Øydvin (tillitsvaltrepresentant) Ole Gunnar Krakhellen	Ref. sendt til: Møtedeltakarane

### 1. Statusoppdatering frå deltakarane i arbeidsgruppa

Konklusjonen frå statusgjennomgangen er at det er gjort eit stykke arbeid så langt, men det vil verte behov for å intensivere arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for å nå fristen 1.4.2018.

### 2. Arbeid med kunnskapsgrunnlaget

Arbeidsgruppa jobba i fellesskap med kunnskapsgrunnlaget, gjekk gjennom det som var gjort og drøfta vidare arbeid.

Det var semje om at gruppeleiar skal gjere eit stykke arbeid for å forenkle disposisjonen og samle informasjon i fellestabellar for alle tre kommunane, framfor å dele det opp i ein tabell for kvar kommune. Arbeidsgruppa meiner at det vil verte meir oversiktleg på denne måten.

### 3. Ymse

Etter at møteplanen vart lagt har det dukka opp nokre møtekollisjonar for gruppeleiar. Dette betyr at møte 8. mars og 22. mars går ut, og vi må finne ny dato. Møte 8. mars vert erstatta med eit møte onsdag 14. mars kl. 12.30 – 15.00. Møtet vert på kommunehuset på Leikanger.

Ole Gunnar Krakhellen  
leiar i arbeidsgruppe oppvekst

Vedlegg:

Kopi til:

